



NVE

nve@nve.no

Dykkar ref.: NVE 200904486-75, 201202273-47 kv/inh

12.09.2014

Vår ref.: 1240784

Høyringsfråsegn Jølstra kraftverk

SFE Nett AS ynskjer som regionalt utgreiingsansvarleg samt medeigar i Moskog stasjon å gje ei felles høyringsfråsegn til Sunnfjord Energi og Nordkraft sine konkurrerande søknader om Jølstra kraftverk.

Systemløysing

SFE Nett registrerer at begge søkjarane ynskjer å knyte seg direkte til 132kV ssk i Moskog med kabel frå kraftverket. Dette er i tråd med tidlegare tilråding frå Sunnfjord Energi Nett og SFE Nett og vert vurdert som ei god løysing.

Utbyggar må være førebudd på at 132kV koplingsanlegg i framtida må utvidast til doble samleskinner.

Arealdisponering

Søknaden frå Sunnfjord Energi er meir detaljert enn Nordkraft sin søknad når det gjeld nødvendig utviding av 132kV koplingsanlegg i Moskog. Her er skissert ei utviding av koplingsanlegget med to 132kV brytarfelt mot sørvest.

Sidan det alt er planert ut eit areal mot sør/vest, og at kraftverksutbygging gjer tilgjengeleg store steinmasser for ytterlegare utfylling, ser vi den planlagde utvidinga mot sør/vest som ei enklare løysing enn mot nord/aust.

Vi er tilfreds med at det er sett av plass for nye brytarfelt for auka transformering 420/132kV samt 132kV avgang mot Sande i tillegg til brytarfelt for kraftverket, men meiner at det óg bør gjerast tilgjengeleg reserveareal og transportareal

innafor det planerte og inngjerda stasjonsområdet, når vi likevel må utvide dette. SFE Nett foreslår derfor at delar av steinmassane som skal deponerast i området vert disponert til nødvendig utfylling og planering i sør/vest enden av stasjonsområdet slik at det i tillegg til utvidinga, vist i vedlegg 11, i søknaden frå Sunnfjord Energi og vert sett av plass til:

- Reserveareal for ytterlegare eitt 132kV brytarfelt i sør/vest enden av 132kV anlegget inkludert nødvendig areal for framtidig utviding til doble 132kV samleskinner.
- Nødvendig transportveg (innafor gjerdet) forbi enden av samleskinna for tilkomst med lastebil fram til arealet tiltenkt ei framtidig ssk nr. 2. Tilkomst må kunne skje sikkert, uavhengig av om det er drift på ssk eller ikkje.

Vegen utanfor gjerdet, sør for stasjonsområdet, må og leggast om ved utviding av stasjonsområdet.

Sjølv om desse merknadane viser spesielt til vedlegg 11 i søknaden frå Sunnfjord Energi så gjeld dei og for søknaden til Nordkraft. Om det er tilstrekkeleg med eitt 132kV brytarfelt for dette kraftverket så vert totalt arealbehov sjølv sagt mindre, men behov for reserveareal og transportveg blir det same.

Vidare prosess

SFE Nett ser at det er fleire usikre faktorar som vil påverke utviklinga av 132kV koplingsanlegg i Moskog. Det er difor nødvendig at både SFE Nett og Sunnfjord Energi Nett vert involvert også i det vidare planarbeidet for Jølstra kraftverk.

Venleg helsing

SFE Nett AS



Kristen Skrivervik

Nettplanleggar